



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Grete Herøy, Edvard Koppen, Hans Erik Waage, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg og Rune Minde.

Kommunal representant: Elin Øien Solbakk

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 10 - 11/2020

F 10/20	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERAT FRÅ 22.09.2020
Vedlegg	Møteboka frå 22.09.2020 Innkallinga til møtet 27.10.2020
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader

F 08/20	ENDRA TENESTEYTINGSAVTALE
Vedlegg Utkast ny tenesteytings-avtale	<p>Bakgrunn: Soknerådsleiar og kyrkjevevja har vore i dialog med rådmannen i denne saka. Det ligg føre ein tenesteytingsavtale som er udatert. Den er sannsynlegvis inngått i løpet av 2013. Denne avtalen byggjer på utgiftsansvaret som går fram av Kyrkjelova § 15, om kommunen sitt ansvar for å leggja til rette for drift av den lokale kyrkja, gravplassane og tilstrekkeleg med midlar til administrasjon av kyrkjekontoret.</p> <p>Den gamle avtalen hadde kyrkjetenar og reinhaldar plassert som tilsett i Fedje kommune. Dette vart endra for om lag 3 år sidan og han er no lagt inn under Fedje sokn. Dette punktet er no endra i framlegg til ny avtale.</p> <p>Kyrkjekontoret har ikkje fått levert rekneskapstenester slik det går fram av tenesteytingsavtalen. Økonomikontoret har ikkje levert avstemt rekneskap for åra 2016 – 2018. Her har ein måtta inngå avtale med Aider (tidlegare Akasia) rekneskapsbyrå i Bergen for å få dette i orden.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Etter ein tung prosess for å finna fram gamle bilag og svara på andre uklarheiter, er Aider no klare til å avstemma og senda rekneskapen for desse 3 åra til revisjon.</p> <p>Etter tallause purringar har ikkje økonomikontoret levert nokon form for rekneskap for 2019 heller. Dette har no enda opp med at rådmannen munnleg har godkjent at Aider vert spurt om å ta rekneskapen for 2019 og for 2020, sidan økonomikontoret ifølgje seg sjølv ikkje har kapasitet til å gjera dette arbeidet.</p> <p>Rådmannen har vidare signalisert munnleg at det er ønskjeleg at rekneskap og fakturering (ikkje lønskøyting) vert sett ut til eksterne frå og med 2021.</p> <p>Utkast til ny tenesteytingsavtale tek opp i seg desse nye endringane. Det er også lagt inn nokre punkt om behovet for å halda fram med den programvara som oppfyller dei behova kyrkjekontoret har. Programvara dette gjeld er dataplattforma levert av Kirkepartner, som gjeld all bruk av kommunikasjon, epost og dokumenthandtering – samt bruk av program for elektronisk arkiv. Fedje sokn betalar løpande for sine brukarar av dette programmet. Soknet er i denne samanhengen eit underbruk av Austrheim Sokn, som har vore på denne plattforma nokre år allereie. Dette vart gjort for å unngå etableringskostnader. At Fedje sokn her er eit underbruk av Austrheim Sokn har ingen vidare praktisk betydning. Fedje Sokn har si separate elektroniske avdeling på dataplattforma. Kyrkjekontoret har også eit eige gravferdsprogram, Ecclesia, som vi er heilt avhengige av. Årlege driftskostnader for alle dataløysingane – som også inkluderer heimesida – vil utgjera om lag 35 000 kroner.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner utkastet til ny tenesteytingsavtale mellom Fedje kommune og Fedje sokn og gjev si tilråding til at denne vert vedteken i neste møte i kommunestyret.</i></p>
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd godkjenner utkastet til ny tenesteytingsavtale mellom Fedje kommune og Fedje sokn og gjev si tilråding til at denne vert vedteken i neste møte i kommunestyret.</p> <p><u>Sagt i møtet:</u> Soknerådet godkjenner at soknet sine kontoer blir redusert når Aider tek øve frå 2021. Det blir 3 kontoer, med høve til fleire underkontoer. I tillegg ønskjer dei å få med at avtalen bør evaluerast kvart 4 år, det vil sei etter val av nytt sokneråd, og etter at dei har fått satt seg inn i avtalen.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Grete Herøy, Edvard Koppen, Hans Erik Waage, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg og Rune Minde.

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S – 12/20 – S 14/20

S 12/20	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 17.06
Vedlegg: Referat og innkalling	Referat frå 22.09.2020 Innkalling dette møtet
Vedtak:	Referat godkjent utan mernader

S 11/20	ORIENTERING
Vedlegg: Utkast gudsteneste- plan	<ul style="list-style-type: none">• Salmekveld med Eivind Skeie torsdag 29.oktober.• Soknerådet vert invitert til eit eige møte med Eivind Skeie torsdag 29.oktober kl 15.00 i bedehuset.• Gudstenesteplan for 2021 – første gjennomgang
Vedtak:	Orienteringane vart tatt til etterretning

S 12/20	TRUSOPPLÆRINGSPLANEN – GJENNOMGANG OG JUSTERING AV TILTAKSDELEN.
Vedlegg: Gjeldande trusopplærings- plan	Bakgrunn: Fedje Sokn har ein trusopplæringsplan frå 2015, ført i pennen av tidlegare kyrkjeverje. Denne har følgt malen som var gitt frå sentralt hald i samband med trusopplæringsreforma. Planen er omfattande. Kvart sokn skal årleg levera rapport om bruken av trusopplæringsmidlane. For Fedje sin del utgjer desse om lag 44.000 kroner i årleg tildeling.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

I utgangspunktet legg reforma opp til at det totale antallet timar i trusopplæringa skal vera 320, for aldersspennet 0 – 18 år. Dei færreste av kyrkjelydane maktar å gjennomføra dette omfanget. Det bør vera ein intensjon om å oppnå dette timetalet på sikt. Samstundes må ein plan vera realistisk ut frå den realiteten ein står midt oppi. Kyrkja si trusopplæring er uavhengig av det løpande arbeidet som vert drive av frivillige organisasjonar. Det vil seia at kyrkja ikkje kan la andre organisasjonar si verksemd for barn og unge vera ein del av sin eigen trusopplæringsplan. Kyrkja si trusopplæring er mest prega av å vera tidsavgrensa og meir punktuelt – og ikkje på same måte kontinuerleg som organisasjonane driv det. Samstundes er jo dette trusopplæring også – men likevel ikkje definert inn i ein plan.

Uansett vil gjennomføring av trusopplæringstiltaka vera avhengig av ein kombinasjon av tilsette og friviljuge.

For tida er det berre presten og konfirmantlærer som er tilsett for å driva trusopplæring på Fedje. Alt anna må gjerast friviljug eller med innleigd arbeidskraft.

Ut frå innhaldet i gjeldande trusopplæringsplan, så skulle organist på det tidspunktet også drifta tensingkoret. Eg har forstått det slik at det ikkje har vore eit tensing kor på Fedje dei siste åra. Tidlegare hadde ein også ein 10% ressurs lagt til Fedje, for trusopplæring utanom konfirmanttida og utdeling av kyrkjebøker. Dette var i det tidsrommet Wilco Vogelaar var tilsett i Radøy, Austrheim og Fedje som trusopplærer. Wilco har spesialisert seg på ein forteljingsmetodikk kalla «Gudsrikeleiken». Tidlegare kyrkjeverje hadde etter Wilco slutta i Austrheim og Fedje, ein 10% stillingsressurs for å driva trusopplæring på Fedje.

Det siste året har Jostein Husa vore inne og drive alpha kurs for ungdom, som vart avslutta i februar i år. I haust skal han ha 2 kurskveldar for 5. og 6.klasse i korleis bruka bibelen. Dette har samband med utdeling av biblar til same aldersgruppe. Han startar også opp med bibelgruppe for ungdom (aldersgruppa 13 – 18 år) og har lagt opp til 4 samlingar no før jul. Grunngevinga hans har vore å variera litt og at det kan vera aktuelt å ta opp igjen konseptet med ungdomsalphapå eit seinare tidspunkt. Jostein leiger seg ut vi sitt eige firma for å driva desse tiltaka.

Ut frå gjeldande tiltaksplan vert følgjande tiltak ikkje gjennomført:

- Dåpsskule for 5 – 7 års alder (forteljingar etter metoden «Gudsrikeleiken»).



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

- La det gro for 11 års alder. (Gudsrikeleiken)
- Ungdomsklubben (13 – 17 år)

Det som er annleis i forhold til gjeldande tiltaksplan er følgjande tiltak:

- Bibelkurs (10 – 11 år) – i samband med utdeling av bibel. (Jostein Husa).
- Leiartrening for ungdom etter konfirmasjonstida (konfirmantlærer). Dette er eit samarbeid med Austrheim.
- Ungdomsalpa/bibelgruppe 13 – 18 år. (Jostein Husa).

Å gjennomføra trusopplæringstiltak med metoden «gudsrikeleiken», krev at ein har personar som kan dette og som har interesse for å bruka metoden. Austrheim har noko utstyr til nokre forteljingar, som kan brukast på Fedje også. På den andre sida vil det vera fornuft i å gjennomføra trusopplæringstiltak med utgangspunkt i dei personane ein har og kva for interesser dei har. For tida har vi ikkje folk som kan bruka metodikken gudsrikeleiken.

Dette året har vore spesielt, grunna koronakrisa. Uansett er det behov for å få på plass igjen tiltak som Tårnagent og Lys Vaken. Slik ressursituasjonen er i soknet, må desse tiltaka driftast av frivilljuge. Dette bør drøftast i soknerådet.

Ut frå dagens realitetar foreslår kyrkjeverja at justert tiltaksplan kan sjå slik ut:

Alder	Namn på tiltak	Kor mange samvær	Samla timetal
0	Dåpssamtale	3	3
4	Utdeling av 4 års bok	1	2
7 – 8	Tårnagenthelg	2 (gudst. Inkludert)	12
11	Utdeling av bibel	3	6
11 – 12	Lys Vaken	2 (gudsteneste inkludert)	24
13 -18	Bibelgruppe/u alpha	10	20
15	Konfirmasjonstida	12	60
15 – 18	Leiartrening	10	40

Framlegg til vedtak:

Fedje sokneråd godkjenner endringane i tiltaksdelen av trusopplæringsplanen for Fedje sokn. Dette er oppdaterte tiltak i trusopplæringa for alderen 0 – 18 år:



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Alder	Namn på tiltak	Kor mange samvær	Samla timetal
0	Dåpssamtale	3	3
4	Utdeling av 4 års bok	1	2
7 – 8	Tårnagenthelg	2 (gudst inkludert)	12
11	Utdeling av bibel	3	6
11 – 12	Lys Vaken	2 (gudsteneste inkludert)	24
13 -18	Bibelgruppe/u alpha	10	20
15	Konfirmasjonstida	12	60
15 – 18	Leiartrening	10	40

Korrigering frå soknerådet:
Dåpssamtale: endre samvær frå 3 til 2 – samtale og gudsteneste

Soknerådet ønskjer trusopplærar – friviljug/lyse ut stilling?
Målgruppe friviljug/søkjar: elev på vidaregåande/student
Sjå på aldersfordeling av born/unge – prioritering for fokus

Vedtak: Fedje sokneråd godkjenner endringane i tiltaksdelen av trusopplæringsplanen for Fedje sokn. Dette er oppdaterte tiltak i trusopplæringa for alderen 0 – 18 år:

Alder	Namn på tiltak	Kor mange samvær	Samla timetal
0	Dåpssamtale	2	2
4	Utdeling av 4 års bok	1	2
7 – 8	Tårnagenthelg	2 (gudst inkludert)	12
11	Utdeling av bibel	3	6
11 – 12	Lys Vaken	2 (gudsteneste inkludert)	24
13 -18	Bibelgruppe/u alpha	10	20
15	Konfirmasjonstida	12	60
15 – 18	Leiartrening	10	40

Eventuelt:	<p>Gudsteneste julafta:</p> <ul style="list-style-type: none">• Vikarprest• 2 gudstenester – kl. 13 og kl. 15• Max. 90 personar på kvar – påmelding• Klokkar og kyrkjevert – 2 team?• Reingjering mellom kvar gudsteneste• Prøve å få laga ei digital helsing
-------------------	--